

Høyringsutkast - Plan for førebyggjande arbeid i Høyanger kommune



Plan for det førebyggjande arbeidet - Korleis
førebygge omsorgsvikt og utvikling av
åtferdsvanskar

Innhald

1. Innleiing	2
1.1 Barnevernsreforma – ei oppvekstreform	2
1.2 Målet med barnevernsreforma.....	2
2. Teoretisk grunnlag.....	2
2.0 Definisjonar- nokre felles begrep.....	2
2.1 Kvifor førebygge?	3
2.2 Frå teikn og signal til kunnskap	4
2.3 Barnesyn.....	5
2.4 Relasjon – grunnmur for kvalitet og førebygging	6
2.4.1 Den viktige vaksenrolla:	6
2.5 Tidleg innsats.....	6
2.6 Tverrfagleg samarbeid.....	7
3 Risiko- og beskyttelses faktorar	8
3.1 Risikofaktorar	8
3.2 Beskyttelses faktorar	9
4. Mål og delmål	9
4.1 Kartlegging.....	9
4.2 Visjonar, verdiar og prinsipp	9
4.3 Hovudmål.....	10
4.4 Delmål:.....	10
5.0 TILTAK	11
5.1 Kompetanseheving	11
5.2 Systematisk redusere risiko – styrke beskyttelse	11
5.3 Tidleg innsats.....	12
5.3.1 Opplæringsprogrammet tidleg inn.....	12
5.3.2 BTI.....	12
5.4 Tverrfaglegheit.....	12
5.5 Forankring.....	13
5.6 Oppfølging av plan.....	13
5.6.1 Faggruppe.....	13

1. Innleiing

1.1 Barnevernsreforma – ei oppvekstreform

Gjennom **barnevernsreforma**, også omtala som oppvekstreforma, skal alle kommunar utarbeide ein plan for det førebyggjande arbeidet. Planen skal ikkje vere ein generell plan for helsefremming og førebygging. Målet er ein avgrensa plan knytt til å førebygge at barn og unge vert utsett for **omsorgsvikt** eller utvikling av **åtferdsvanskar**.

Høyanger kommune skal sette dei mest risikoutsette barna i sentrum og bygge kommunen sine tenester rundt barna og vise at vi har eit ansvar for å hjelpe dei barna som er mest sårbare.

Det skal vi gjere gjennom tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.

Førebyggjande plan gjeld gravide, barn og unge opp til 18 år og deira føresette. Planen vil i seg sjølv vere eit viktig tiltak for å nå måla i barnevernsreforma.

Føremålet med planen er å:

- systematisere førebyggjande tiltak på universelt og selektivt nivå
- gje fagleg og lovmessig forankring for tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid
- styrke relasjonskompetanse og forståing av barn sitt behov som grunnlag for alle tiltak

1.2 Målet med barnevernsreforma

Måla med barnevernsreforma er at kommunane skal styrke sitt arbeid med:

- tidleg innsats og førebygging,
- hjelpe skal bli betre tilpassa barn og familiar sine behov,
- rettstryggleiken til barn og familiar skal bli godt ivareteke,
- ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv.
- Styrke kommunen sitt arbeid med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren

Måla i reforma vert nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren. Barnevernsreforma gir kommunane eit større ansvar for barnevernet både fagleg og økonomisk. Noko som vidare stiller krav til leiinga i barnevernet, til kommunen si styring av barnevernet og til det samla barne- og familiestøttande arbeidet.

2. Teoretisk grunnlag

2.0 Definisjonar- nokre felles begrep.


Førebyggjande plan skal vere ein plan for å førebygge omsorgsvikt og åtferdsvanskar.

Førebygging:

Å førebygge vil seie systematiske tiltak og strategiar retta mot å redusere risiko og styrke beskyttelses faktorar, slik at utfordringar som omsorgsvikt eller åtferdsvanskar ikkje oppstår eller forverrast. Førebygging kan delast i:

- **Universell** førebygging: tiltak retta mot alle barn og familiar
- **Selektiv** førebygging: tiltak retta mot grupper med auka risiko
- Førebygging på **indikert** nivå kan høyre med, som t.d. lågterskel psykisk helsehjelp og råd- og rettleiingssamtalar som er tilgjengeleg for alle.
- Individuelle tiltak vil gjelde intensiv hjelp og behandling knytt til enkelt barn og familiar. Desse tiltaka er ein viktig del av barnevernsreforma og oppvekstreforma, men *ikkje* i førebyggande plan.

Førebyggande plan skal først og fremst handle om **universelle og selektive tiltak**.



Åtferdsvanskar:

Barn eller unge si vedvarande åtferd som avviker negativt frå forventta sosial norm eller utviklingsnivå, og som kan påverke barnets læring, relasjonar eller trivsel. (Helsedirektoratet, 2017). Åtferdsvanskar kan utgjere ei utfordring for det enkelte barn, familien og samfunnet rundt (Berg, mfl., 2020) Utfordrande åtferd skjer gjerne der følelsar tar overhand. Ei forståing av kva som skjer i samhandling og kontakt, er viktigare enn å «forandre» barnet (Kinge, 2020). Barn og unge si åtferd har alltid ei årsak. Den må forståast som kommunikasjon der orda manglar. Felles for alle barn og unge er behovet for å bli sett for kven dei er, ikkje kva dei gjer. (Ingrid Lund, 2012))

Omsorgsvikt:

Situasjonar der barn ikkje får naudsynt omsorg, oppfølging eller vert beskytta frå foreldre eller omsorgspersonar, slik at barnet si fysiske, psykiske eller sosiale utvikling kan bli skadelidande (Barnevernloven §4-4)

Førebygging av uønskt åtferd og omsorgsvikt kan vere alt frå tidleg hjelp inn i familien, til innreiing av klasserom, til nok bemanning og rett kompetanse. Det førebyggande arbeidet skjer i heile organisasjonen, og ikkje minst er førebygging politikk. Kva prioriteringar vel ein?

2.1 Kvifor førebygge?

KORUS (Kompetansesenter for rusfeltet) påpeker at innsats før barnet fyller 10 år reknast som førebyggande, medan innsats etter fylte 10 år i større grad handlar om reparasjon. Å

sikre gode omsorgspersonar, gode barnehagar og gode skular er difor dei viktigaste tiltaka for å førebygge omsorgs- og åtferdsproblem.

Førebygging, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiane sine behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men kan og sjåast på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Fleire ressursar er bunde opp i barn som i dag er plassert i fosterheim eller institusjon, og det vil ta tid å kunne omdisponere kommunale ressursar frå reparasjonskostnadar til førebyggjande tiltak. For å lykkast med å snu dette, krev det høgare ressursinnsats over ein periode på nokre år. Gevinsten ved betre førebyggjande arbeid vil derimot kunne vere høgare både menneskeleg og økonomisk.

2.2 Frå teikn og signal til kunnskap

KORUS er tydeleg på at det å basere tidleg innsats på teikn og signaler frå barn har lav prediksjonsverdi. Tilsette i barnehage, skule og SFO «vassar» i teikn – mange av barna ein er mest bekymra for syner enten svært svake teikn eller få teikn i det heile tatt. Dette skyldast at barn kan tole belastning lenge, særleg i dei første leveåra.

Kommunar som baserer tidleg innsats på symptomvurdering, vil ifølge Kvello (2023) glempe på omtrent halvparten av dei mest risikoutsette barna, særleg i dei fire til seks første leveåra.

Dei fleste barn og unge i Norge har gode oppvekstvilkår. Samtidig syner ulike undersøkingar og statistikkar frå politi og barnevern at ein god del barn i Norge vert utsett for vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt. Vald og overgrep mot barn er alvorleg kriminalitet og eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem.

NOVA rapport (11/2023) *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007– 2023* syner at omtrent 1/6 som deltok hadde opplevd minst eit tilfelle av fysisk vald frå ein forelder i løpet av livet.

NKVTS' rapport (4/2019) undersøkelse *Ungdoms erfaringer med vold og overgrep i oppveksten* syner bl.a. at omkring 1/20 har opplevd alvorleg fysisk vald som å bli sparka, slått med ein hard gjenstand eller banka opp. Gutar og jenter rapporterer like mykje fysisk vald, men fleire jenter enn gutar rapportera å ha opplevd psykisk vald. Jentene rapporterer også om langt fleire seksuelle overgrep og krenkelsar enn gutane.

Nokre barn kan ha større risiko enn andre for å bli utsett for vald og overgrep. UEVO-studien frå 2019 syner at ungdom som enten har vakse opp i ein familie der det er brot i familierelasjonar, der økonomien er dårleg eller der foreldra har hatt vanskar med rusmiddelbruk eller psykisk helse, i større grad har erfaringar med vald og overgrep.

Andelen av befolkninga som får ein ADHD-diagnose har auka mykje dei siste åra - både nasjonalt og internasjonalt. Denne utviklinga har stor betydning for korleis helsetenestetilbodet skal byggast opp, både når det gjeld kompetanse og ressursar. Ikkje minst er det viktig å fange opp eventuelle samfunnsmessige endringar som kan påverka førekomst, både for å identifisere behov for tilpassing av tenestetilbodet og for å avklare eventuelle førebyggingsalternativ.

Vi har med andre ord kunnskap som tilseie at det i alle barnegrupper og i alle klasserom er barn som er i risiko og som treng å verte beskytta. Vi skal ikkje trenge å leite etter teikn eller signal.

2.3 Barnesyn

Dei siste tiåra har det vore eit tydeleg paradigmeskifte i synet på barn, noko vi ser igjen i forskning, litteratur og i lovverk. Tidlegare vart barn i stor grad sett på som uferdige vaksne, prega av manglar og behov for kontroll og disiplin. Vaksne hadde definisjonsmakta og barnet sitt perspektiv vart i liten grad vektlagt.

I dag forstår vi barn som kompetente individ med eigenverdi. Dette inneber at barn sjåast som aktive deltakarar i eige liv, med rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei.

Paradigmeskiftet inneber og ein overgang frå eit autoritært oppdragarsyn til eit relasjonelt og anerkjennande perspektiv, der trygg tilknytning, emosjonell støtte og dialog vektleggast. Fokus har flytta seg frå straff og kontroll til regulering, forståing og førebygging.

Barn uttrykker behov, følelsar og utfordringar gjennom handlingar. Vaksne må tolke barn sin åtferd, og tilpasse støtta til barnet sine ferdigheiter og situasjon. Åtferd er eit språk som må tolkast og forståast (Ingrid Lund, 2012).

Uro, sinne eller tilbaketrekking kan vere signal om utryggheit, reguleringsvanskar, belastningar i familien eller manglande meistring.

Som vaksne skal vi søke å forstå kva som ligg i barn sitt uttrykk og deira handlingar ut frå ei haldning om at alle barn gjer rett om dei kan. Ross Greene omtalar dette ved at det finnast ikkje vanskelege barn, men barn som har det vanskeleg.

Samla kan paradigmeskiftet beskrivast som ein overgang frå barn som «blir», til barn som «er». Noko som krev relasjonskompetanse og refleksjon hos vaksne som laget rundt barnet, og er grunnlaget for tidleg og effektiv førebygging.

Nedanfor finn ein fire punkt som er bygd på kunnskap om barn, og er eit forslag til kva slags barnesyn alle som jobbar med barn, kan bere i seg og øve seg på å vise i møte med kvart enkelt barn. (Henta frå [Hvordan få god praksis: Ha et godt barnesyn - Forandringsfabrikken](#))

1. Barn har mykje kunnskap om livet sitt

Barn veit korleis det kjennast å vere seg, kva som er viktig for dei framover og korleis barnehage, skule og hjelpesystema opplevast for dei. Dei veit korleis dei treng å bli møtt og samarbeida med, for at systema skal bli nyttig for dei. Dei ber vaksne forstå at barn er kloke og at dei har denne kunnskapen. Dette gjeld alle barn – små og store, barn i utfordrande livssituasjonar og barn som strever eller har det vondt.

2. Barn trenger kjærleik

Barn treng å bli møtt med kjærleik. Å bli møtt med kjærleik betyr å bli møtt med menneskevarme. Det handlar om korleis stemma til den vaksne er og kva slags ord den vaksne nyttar når den snakkar til barn. Vaksne må snakke med ei varm og snill stemme, og bruke snille ord. Barn ber også om at vaksne har eit varmt og avslappande kroppsspråk.

3. Barn må bli trudd på og tatt på alvor

Når barn fortel til vaksne, må dei bli trudd på. Dette gjeld uansett kva barn fortel og uansett om den vaksne tenker at det barnet fortel ikkje stemmer eller ikkje er sant. Det er alltid ein grunn til at barn vel å fortel akkurat det dei fortel, til akkurat den vaksne dei fortel til. Da må dei bli trudd på og det dei seier må bli tatt på alvor.

4. Barn gjer så godt dei kan ut frå korleis dei har det inni seg

Ingen barn vaknar opp ein dag og bestemm seg for å gjere vonde eller dumme ting mot seg sjølv eller andre. Det er alltid ein grunn til at barn gjer som dei gjer. Når vaksne ser åtferd eller symptom er det ofte eit hint om at vaksne må undre seg og tørre å spørje barn varmt og nysgjerrig kva åtferda eller symptoma eigentleg handlar om. Vaksne må alltid tenke at det er ein grunn til at barn oppfører seg litt annleis og vere nysgjerrig på kvifor. Dette gjeld alle barn – uansett oppførsel eller diagnosar.

Når barn har ulike uttrykk, gjer dumme eller vonde handlingar mot seg sjølv eller andre, treng dei å bli møtt av vaksne som forstår at det ligg noko bak uttrykka og handlingane. Vaksne må tenke at ingen barn er slemme men at dei har det vondt. Barn treng vaksne som er nysgjerrige på uttrykk og handlingane til barn, og som vil finne ut kva dette handlar om.

2.4 Relasjon – grunnmur for kvalitet og førebygging

Relasjon mellom barn og vaksne er kanskje den viktigaste beskyttelsesfaktoren. Menneske er ikkje ferdig utvikla ved fødselen. Vi vert forma av menneska vi har rundt oss og omgjevnadane vi lev i. I dette perspektivet er relasjonen vi har til andre menneske utgangspunktet for utvikling.

Relasjonskompetanse er kanskje noko av det viktigaste vi utviklar i liva våre. Kunsten å omgå andre, skaffe oss venner, etablere nettverk og samarbeide. Det dreier seg om å forstå og samhandle med dei menneska vi møte og møte dei med interesse, respekt og anerkjenning. Forsking syner at god relasjonskompetanse er avgjerande for gode resultat, trivsel og helse. Manglande relasjonskompetanse og relasjonell likegyldigheit inneber helsersisiko.

Det handlar om tid, tillit og tryggleik. Det tar tid å bygge relasjonar, og tillit er grunnsteinen. Tillit kan forsvinne på et sekund, og ta år å bygge opp.

Kven du møter og korleis møte med andre menneske vert, er vesentleg for kven du vert.

Filosof Einar Øverenget skriv at menneske er eit relasjonelt vesen. Samt at vi forstår oss sjølv ved å sjå på andre og ved å måle oss med andre. Vi framkallar vårt sjølvbilete i lys av andre sitt blikk eller det vi oppfattar å vere i andre sine blikk. (Å bli sin egen venn, 2005)

2.4.1 Den viktige vaksenrolla:

I arbeid med menneske som har det vanskeleg er det vi hjelperar som er premisseleverandørane i arbeidet med å bygge relasjonen. Vår evne til sjølvinnsikt, empati og forståing for eigne og andre sine reaksjonar og mønstre er sentralt for å lykkes i relasjonsbygging. Det handlar om å kunne bruke seg sjølv bevisst som reiskap i kontakt med og relasjon til andre, noko som mogleggjer at teori og metode kan omsettast til praksis. Vi må vere opptatt av emosjonell støtte, samt vere nysgjerrige på betydninga vi sjølv har i kontakten. Uansett kor mykje den som har det vanskeleg bidrar inn i samspelet, er det hjelperane som har ansvaret både for kvaliteten på relasjonen og dei endringane som må gjerast for å skape ein betre relasjon. (RVTS Sør – menneskemøtekompetanse)

2.5 Tidleg innsats

Begrepet tidleg innsats har stått sentralt i det utdanningspolitiske ordskiftet dei siste 10–15 åra og får stadig større merksemd og plass som pedagogisk prinsipp. For det enkelte barn

kan tidleg innsats vere avgjerande for trivsel, læring og utvikling. Det gjeld både i eit her-og-nå-perspektiv og med tanke på framtidsmoglegheiter. Barnehagen er ein sentral arena for førebygging, læring og inkludering. Barn tilbringer store deler av dagen i barnehagen, og barnehagelærarar er godt trene i å observere og vurdere barns utvikling. (Marit Elin Eide, Statped, 2025)

Tidleg innsats kan vere viktig for heile barnehagefellesskapet. Det kan redusere konflikter og førebygge mobbing og utanforskap. Vi må ikkje berre ha eit observerande blikk på det enkelte barn, men og på det fellesskapet barnet inngår i. Samstundes kan enkelte utfordringar som barnehagane sjeldan møter, vere krevjande å forstå. Ein kan lett verte usikker på om barnet sine utfordringar er midlertidige eller teikn på noko meir varig.

Er eksempelvis språk- og talevanskar hos barnet normale eller eit teikn på noko som bør undersøkast nærmare? Grensa mellom forsinka og meir varige forstyrring er ikkje alltid tydeleg og det kan føre til at nødvendige tiltak vert utsett. Det er fare for ei «vente-og-sjå-haldning» i staden for å påkalle den kompetansen som er i støttesystemet rundt.

Varige utfordringar som t.d. ADHD og Tourettes vert ofte synlege i 6 års alderen. Det skjer da samstundes med at barnet skal frå barnehage til skule. Dei skal gå frå noko som har vert trygt og godt i fem år til å starte på noko nytt og framande, med høgare krav til å regulere seg sjølv. Det er av den grunn sentralt at barnehagen får kompetanse til å lese teikn tidlegare og/eller hjelp til å lese teikn.

Støttesystemet må vere lavterskel, det vil seie at det er lett tilgjengeleg, effektivt og målretta. Slik støtteapparatet fungerer i dag oppleves det av mange som tungrodd, byråkratisk og ting tar tid. (Marit Elin Eide, Statped, 2025)

Vidare vert «Plan for overgangar» viktig. Ein må få ei felles forståing for at det er viktig å bruke tid på denne overgangen. Barna må få bruke tid på å bli kjend med nye vaksne, nye rom og reglar som skal følgast. Samstundes som dei vaksne må syte for at kontaktlærar har tilstrekkeleg informasjon og ikkje treng å starte på null. [Plan for overgangar oppvekst](#)

2.6 Tverrfagleg samarbeid

Tverrfagleg samarbeid er når yrkesgruppe med ulike kompetanse arbeider saman for å ivareta dei heilskaplege behova til ein pasient eller brukar. Det er alltid brukaren eller pasienten sine mål som skal ligge til grunn for det tverrfaglege samarbeidet.

Inngangsporten til tverrfagleg samarbeid er at vi har ulike roller, mandat og perspektiv som skal bidra til heilskapleg og koordinert innsats for borna og familiane (Johannesen, 2022).

Galvin og Erdal (2018) trekk fram ei rekke suksessfaktorar for organisering av tverrfagleg samarbeid, og kva som skal til for at det utviklast til ein god metodikk. Desse suksessfaktorane er:

- ❖ Forankring/system for organisering av samarbeidet
- ❖ Felles målsetnad med samarbeidet
- ❖ Realistisk syn på samarbeidsmoglegheitene
- ❖ Nytteoppleving: samarbeidet opplevast som nyttig og stimulerande
- ❖ Nødvendighet: tverrfagleg samarbeid

- ❖ Tryggleik i den tverrfaglege gruppa; kva hemmar og fremmar samarbeidet, fagleg/emosjonell støtte
- ❖ Respekt: for ulikskap og fag, bygge på anerkjenning
- ❖ Tillit: Bygge på respekt, redelegheit og openheit
- ❖ Kunnskap om kvarandre: ulikskap styrka samarbeidet om heilskap
- ❖ Kompetanse; felles kompetanse og verdigrunnlag
- ❖ Faktorar som påverkar den praktiske gjennomføringa av tverrfagleg samarbeid; nærleik til brukar, organisering av samarbeidet.

For å få til god samhandling og godt samarbeid må alle involverte ha **ei felles forståing og skilje mellom det å jobbe fleirfagleg, der alle tar ansvar for sitt, og det å jobbe tverrfagleg som betyr å ta ansvar for både sitt eige og andre sitt**. Slik kan mellomromma mellom faga fyllast, og ein unngår at barn og familiar som treng hjelp ikkje fell mellom to stolar, -men får tilbod om ein sofa.

PPT og barnevern er partar i det tverrfaglege samarbeidet som har fått i oppgåve å dreie sitt arbeid frå å hjelpe på indikert nivå til i større grad jobbe førebyggjande. Den dreininga av fokus bør få konsekvensar for korleis det tverrfaglege samarbeidet skal fungere.

3 Risiko- og beskyttelses faktorar

Denne planen er bygd opp på Kvello sin teori om risiko og beskyttelses faktorar.

- **Risikofaktorar:** forhold som aukar sannsyn for omsorgsvikt eller uønskt åtferd (f.eks. psykisk sjukdom, vald, skolefråvær).
- **Beskyttelses faktorar:** forhold som styrker barn sin utvikling og reduserer risiko (f.eks. stabile relasjonar, meistring, inkluderande skolemiljø).

3.1 Risikofaktorar

Risikofaktorar

- 1 At barn vert utsett for skadeleg/manglande omsorg
- 2 At barn opplev alvorlege krenkingar
- 3 At føresette er emosjonell utilgjengeleg for barnet
- 4 At føresette misbruk rusmidlar
- 5 At barn og føresette har store utfordringar med psykisk helse
- 6 At barn har utviklingsvanskar som ikkje vert forstått av dei vaksne, slik at dei kan få riktig hjelp
- 7 At barn oppheld seg i skadeleg psykososialt miljø i barnehage og skole/SFO
- 8 Utfordringar med levekår (manglar i bustadforhold, relativ fattigdom, multistressande miljø)

3.2 Beskyttelses faktorar

Beskyttelses faktorar

- 1 At barnet får hjelp til å fungere som jamgamle barn både kognitivt, språkleg, emosjonelt, sosialt og motorisk
- 2 At barn får hjelp til venskap og kjenne seg som ein del av eit sosialt fellesskap
- 3 At barn frå 8 års alder har ein hobby eller fritidsinteresse som barnet kan oppleve meistring med
- 4 At føresette har god omsorgsutøving
- 5 At føresette er godt integrert i samfunnet, er i jobb eller utdanning, og har eit sosialt nettverk.
- 6 At barnet får hjelp til å tilpasse seg godt til barnehage og skule, innordne seg rutinar, godtek grensesetting, er sosialt inkludert og har aldersadekvate skulefagleg prestasjon.
- 7 Dei vaksne som arbeider tett med barn har god kompetanse når det gjeld relasjon og omsorg. Dei er og bevisst den viktige rolla dei som vaksne spelar i samhandlinga med barnet.
- 8 Syte for at familien har levekår (buforhold og økonomi) god nok til å unngå unødig stress og bekymring.

4. Mål og delmål

4.1 Kartlegging

I arbeidet med denne planen inviterte arbeidsgruppa alle instansar som kan bidra i arbeidet med å førebygge omsorgsvikt og uønskt åtferd til det ein valgte å kalle Stormøter. Her tok ein utgangspunkt i Kvello sin teori om Risiko- og beskyttelses faktorar og hadde diskusjonar rundt kva førebyggjande tiltak dei ulike instansane hadde og kva ein ynskte. Det har vore i alt tre møter der vi kom fram til følgjande for kva som er gjeldande i Høyanger kommune :

1. *Det førebyggjande arbeidet er i veldig liten grad bevisst og systematisk*
2. *Det førebyggjande arbeidet er ikkje kunnskapsbasert og forankra*
3. *Der er lite tverrfagleg jobbing med tanke på det førebyggjande arbeidet*
4. *Det er lite samhandling på tvers av etatane, men og lite innan same etat*
5. *Tilsette som arbeider førebyggjande veit i liten grad om kvarandre*
6. *Jo eldre barna blir jo fleire førebyggjande tiltak vert sett inn.*

Desse funna understrekar behovet for at planen må bli **forankra, systematisk og tverrfagleg**, og at innsatsen må starte **tidleg i barn sitt liv** for å vere mest effektiv.

4.2 Visjonar, verdiar og prinsipp

Høyanger kommune si visjon: «**Ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklar**»,

og verdiane: **Kraftfull – Skapande – Inkluderande.**

Kommunen har også utvikla prinsipp som styrer organisasjonen og utviklinga av tenester:

1. **Behovsbaserte tenester og heilheit lege tenestetilbod** – tenester skal møte barn og familiars faktiske behov.
2. **Oversiktleleg og forutsegeleg organisasjon** – tydelege ansvarsforhold og struktur.
3. **Medverknad og eigarskap** – tilsette og brukare skal ha reell påverking.
4. **Ein lærande organisasjon** med fokus på utvikling og kompetanse – kontinuerleg kompetanseheving og kvalitetsutvikling.
5. **Redusere sårbarheit og styrke fleksibilitet** – robust organisasjon som kan møte nye utfordringar.

Desse prinsippa er **spot on** for det kommunen ønsker å oppnå med plan for det førebyggjande arbeid.

4.3 Hovudmål

Utifrå teorigrunnlaget presentert i kap 2 og kartlegginga som er gjort blant involverte instansar har ein formulert fylgjande hovudmål:

Høyanger kommune skal sikre alle barn trygge oppvekstvilkår. Åtferdsutfordringar og omsorgssvikt skal førebyggast gjennom tidleg innsats, heilheitleg tilnærming og tverrfagleg samarbeid.

Korleis kommunen organisera hjelpetiltaka ut frå å redusere risiko- og styrke beskyttelse faktorar vil vere avgjerande for kor godt kommunen lykkast i sitt førebyggjande arbeid. I arbeidet med denne planen ser vi eit stort behov for eit større fokus på førebyggjande arbeid og viktigheita av å jobbe tverrfagleg. Ein ser at det må startast eit grunnleggjande arbeid på korleis vi ønsker å jobbe med førebygging og i fellesskap bygge opp eit førebyggjande arbeid bygd på kunnskap og tverrfagleg tenking.

Eit godt førebyggjande arbeid handlar om å:

- ❖ *Identifisera behova*
- ❖ *Syte for relevante tilbod frå ulike instansar*
- ❖ *Tydelege definere kva rolle dei ulike instans skal ha*
- ❖ *Tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse*
- ❖ *Legge til rette for at dei ulike tenestene/instansane samarbeider.*

Oppsummering frå Lov om barnevern

4.4 Delmål:

1. **Kompetanseheving**
2. **Systematisk redusere risiko- styrking av beskyttelsesfaktorar**
3. **Tidleg inn**
4. **Tverrfagleg samarbeid:**
5. **Forankring**
6. **Oppfølging av plan**

Delmåla vil ein fylje opp gjennom tiltak i følgande kapitel.

5.0 TILTAK

5.1 Kompetanseheving

Teikn og signal er ein usikker måte å fange opp risiko på, ein bør heller sjå på risikofaktorar. For å oppnå dette er det tjeneleg å bygge opp ein felles kunnskap rundt Kvello sin teori om risiko- og beskyttelsesfaktorar.

Ein må halde fram med å bygge kunnskap om relasjon og viktigheita av relasjon i det førebyggjande arbeidet.

Det må formast eit felles barnesyn som «gjennomsvrar» alt førebyggjande arbeid i kommunen.

Kunnskap må ikkje berre forankrast hos leiarar. Det er gjerne tilsette med minst utdanning i barnehage, SFO, støttekontakt osv. som er dei som er mest i lag med barna.

Høyanger kommune er ein liten kommune og ein er avhengig av å kunne bruke kompetanse på tvers av etatane. For eksempel er det tilsette i integrering som har fått opplæring og blitt sertifisert i ICDP, korleis kan den kunnskapen og kunne nyttast i oppvekst og helse ?

Det bør gjerast ei kartlegging over kva kompetanse vi har i dag for å kunne førebygge omsorgsvikt og uønskt åtferd? Dersom vi treng kompetanse er det ein moglegheit å tilby allereie tilsette om å utvide sin kompetanse framfor å måtte søke nye. I ein liten kommune må vi vere «fleirfaglege»

5.2 Systematisk redusere risiko – styrke beskyttelse

Det er eit behov for at det førebyggjande arbeidet ikkje berre er kunnskapsbasert men og systematisk. Kommunen skal skaffe seg ein oversikt over dei førebyggjande tiltaka ein har i dag, med tanke på å unngå omsorgsvikt og uønskt åtferd. Tiltaka skal vise tiltak på universelt og selektivt nivå. Ein skal og synleggjere kva alder målgruppa for tiltaket har.

Døme på skjema

Eining	Universell	Selektiv
Barnehage	Laget plan for trygt og godt barnehagemiljø	
	Oppstartsamtale	
Skole	Laget plan for trygt og godt skolemiljø	
NAV		
Helsestasjon		
Psykisk helseteam		

5.3 Tidleg innsats

Det kan ikkje vere tvil om at tidleg innsats er viktig. Som nemnt tidlegare seier KORUS (kompetansesenter for rusfeltet) at det ein gjer før barnet fyller 10 år er å rekne som førebygging, det som skjer etter fylte 10 år vert reoperasjon

5.3.1 Opplæringsprogrammet tidleg inn

I arbeidet med å styrke den tidlege innsatsen skal kommunen gjennomføre opplæringsprogrammet **Tidlig Inn**. Målgruppa er i utgangspunktet helsesjukepleiarar, jordmødrer, fastlegar, deira leiarar og andre kommunalt tilsette som i sin teneste møte gravide og småbarnsforeldre. Viktig her er at ein tenker tverrfagleg og inviterer inn alle som jobbar førebygging i kommunen.

Formålet med Tidlig Inn er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk helse og vald gjennom tverrfagleg samarbeid. Målgruppa får opplæring i kartleggingsverktøy og metodar for samtale om rus, psykisk helse og vald for å sikre ei forsvarleg teneste.

Opplæringsprogrammet vert tilbydd av regionale opplæringsteam (ROT), samansett av [KORUS](#), [RBUP/RKBU](#), [RVTS](#) og [Bufetat](#). Opplæringa er gratis for kommunen. Gjennomføring kan tilpassast etter kommunanes behov.

5.3.2 BTI

Kommunen har bestemt at man skal bruke BTI (betre tverrfagleg innsats) som verktøy.

BTI er en samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til. Hensikten med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. BTI kan bidra til tidleg innsats, samordning og medverknad. Modellen gir ein oversikt over handlingsforløp, og kan bidra til å rette opp svikt i samhandling mellom tenester både på lokalt, regionalt og statleg nivå.

Det har tatt tid å få implementert dette verktøyet i kommunen, og ein er ennå ikkje heilt i mål. Det er viktig at arbeidet med å få BTI inn i heile organisasjonen fortsett. Ein må få ei felles forståing for korleis ein skal bruke verktøyet.

5.4 Tverrfaglegheit

I samband med kartlegginga av det førebyggjande arbeidet i kommunen vart det tydeleg at det tverrfaglege samarbeidet i liten grad var til stades. Dette har vert etterlyst og ønska av mange i organisasjonen (rektorar, styrarar, helsesjukepleier og barnevern) men kommunen har ikkje evna å få dette på plass.

Skal ein få til godt tverrfagleg arbeid må roller og ansvar avklarast, og de må vere sett av tid til arbeidet.

Det ein fant var SLT gruppa, som er ei samordning av lokale rus- og kriminalitetsforbyggjande tiltak. I hovudsak er barna ganske store når SLT kjem inn og det er meir reoperasjon enn førebygging.

Som eit tiltak for å fremme det tverrfaglege samarbeidet i kommunen vel ein og opprette ei faggruppe i kommunen. Grappa sitt mandat blir presentert som eget punkt 5.7

5.5 Forankring

Ein er heilt avhengig av at det førebyggjande arbeidet er godt forankra hos leiinga i kommunen. Det må vere ei felles forståing for at førebygging er viktig og ein må løfte det fram, ikkje berre i denne planen.

Det er og sentralt å sjå samanheng mellom førebyggjande plan og andre kommunale planar som t.d. kommuneplan sin samfunnsdel, grunnlagsdokumentet, oppvekstplan osv. Det er viktig at førebyggjande plan blir fylgt opp i einingsplanane til dei som etter denne planen er sett til å følgje opp det førebyggjande arbeidet i kommune

5.6 Oppfølging av plan

Det bør settast ned ein gruppe som jobbar vidare med denne planen og syt for at dei tiltaka som her er skissert blir gjennomført. Sjå 5.7. (samt at gruppa utarbeider grunnlag for førebyggjande arbeid i kommunen)

Førebyggjande plan reviderast kvart år

5.6.1 Faggruppe

For å få gjennomført tiltaka i kap 5 vel kommunen å bygge opp ei faggruppe.

Ein samansetnad av faggruppa kan til dømes vere:

- 1 frå skule/barnehagefeltet,
- 1 frå helsestasjon,
- 1 frå psykisk helseteam,
- barnekoordinator
- 1 frå Samfunn

Naturleg at minst ein i faggruppa og er medlem av SLT, og kan sjå dei gruppene sitt arbeid i samanheng. Faggruppa tek til seg andre fagpersonar i dei sakene det er aktuelt.

Gruppa skal vere tverrfagleg og medlemmane skal vere villig til å tileigne seg – utvide eigen kompetanse for å stette kommunens kompetansebehov.

Ein kan og vurdere om faggruppa på sikt skal utvide sitt felt og jobbe med generell førebygging ikkje berre førebygging av omsorgsvikt og utvikling av åtferdsvanskar.

Faggruppa sitt mandat er å sette denne førebyggjande planen ut i livet. Det kan ein gjere ved:

5.6.1.1 Kompetanse

- Faggruppa skal gjere Kvello sin teori om risiko- beskyttelsesfaktorar kjent i organisasjonen. Bidra til ei felles tenking der ein går frå å sjå etter teikn og signal til kunnskap om risiko og beskyttelse.

-Faggruppa skal halde fram arbeidet med å bygge relasjonskompetanse i heile organisasjonen. Bygginga må i størst mogleg grad skje på tvers av etatane.

- Faggruppa skal arrangere kurs der innhaldet er relatert til det førebyggjande arbeidet og skjer på tvers av etatane.

- faggruppa vere ei ressursgruppe som på sikt kan bidra med innlegg/foredrag på foreldremøte, gjennomføre kurs for foreldre/foreldrerettleing.

- Faggruppa skal halde seg fagleg oppdatert på tema Førebyggjande arbeidet.

- Faggruppa skal jobbe med å innføre eit felles barnesyn i kommunen

Mål : at faggruppa skal fungere som eit lågterskeltilbod. Foreldre kan ta kontakt, få ein kontaktperson og hjelp med bekymringa si eller hjelp til å finn rette instans, og evt. starte ei BTI sak.

5.6.1.2 Systematisk jobbing

-Faggruppa skal syte for å lage ein skjematisk oversikt over dei førebyggjande tiltaka kommunen har i dag

-Faggruppa skal utarbeide ein oversikt over førebyggjande tiltak ein bør ha, men som man ikkje har i dag.

-Faggruppa tar ansvar for å starte slike tiltak i samarbeid med leiinga i kommunen.

5.6.1.3 Tidleg inn – BTI

-Faggruppa syte for at kommunen melder seg på og gjennomfører opplæringsprogrammet Tidlig inn.

-Faggruppa tar ansvar for å forankre BTI som eit viktig verktøy med tanke på tidleg innsats i heile organisasjonen. -syte for ein felles forståelse for ansvar og rolle i bruken av BTI.

5.6.1.4 Tverrfagleg samarbeid

-Faggruppa skal ta ansvar for å bygge opp det tverrfaglege samarbeidet i kommunen

-Faggruppa skal kartlegge behov som finnast for samarbeid for lettare kunne gjennomføre det førebyggjande arbeidet,

-Faggruppa tar initiativ til Stormøte der tema blir: "Korleis samarbeide når førebygging er fokus?»

5.6.1.5 Forankring

Denne planen er ikkje mogleg og gjennomføre om den ikkje er godt forankra i leiinga i kommunen.

Faggruppa skal difor kvar vår presentere sitt arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe og i utvala for oppvekst, samfunn og helse og omsorg. Der skal dei få føringar på korleis det førebyggjande arbeidet skal drivast vidare i kommunen.

Dei fleste kan einast om at førebygging er viktig. Difor bør dette jamnleg vere på sakskartet til både den administrative og politiske leiinga i kommunen.

5.6.1.6 Vidare arbeid

Faggruppa bør vere høyringsinstans når det skal utarbeidast kompetanseplanar, ressursfordeling og budsjett.

Faggruppa skal årleg evaluere førebyggande plan og gjere den kjent hos alle som arbeider førebyggande i kommunen.

Vi bygger ein benk - slik at ingen barn eller familiar fell mellom to stolar.